



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2019

Aktiviteten i løa var høg også i 2019, men det var noko nedgang i talet på dagar med utleige i forhold til tidlegare år. Privatpersonar og verksemder betalar for å leiga løa, medan lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis. Av Servicetorget i Hå kommune har me fått opplyst at det i 2019 har vore 59 dagar med betalt leige av løa, og løa har vore nytta til arrangement med gratis utlån 267 gonger. Servicetorget administrerer utleige og utlån av løa. Vennelaget har godt samarbeid med Hå kommune, og har jamlege møter med Servicetorget om drifta av løa. I 2019 har det vore 2 slike møter.

Vennelaget har støtta kommunen med praktisk arbeid på løa. Dugnaden i april vart også i år utført i samarbeid med «Språksprell». «Språksprell» er ei blanda gruppe av innvandrarar og etablerte Varhaugsbuar. Stolar, krakkar, bord og varmepumper vart reingjorde, vegger vart kalka. Inventaret til kjøkkenet vart sjekka og etterbestilt. I haust vart det rydda i sideromma på låven.

Byggkomitéen har gitt innspel til planane for det budsjetterte arbeidet med montering av sprinklaranlegg oppe og nede i løa, slik at sprinklaranlegget kan verta best mogleg tilpassa løa som historisk kulturbygg. Det er ei utfordring rundt økonomiske midler. Vennelaget er i dialog med kommunen rundt dette og prosessen vidare. Me reknar med ei avklaring i løpet av få veker.

Lunsjtreff-komitéen i Vennelaget har arrangert lunsjtreff to onsdagar i månaden gjennom våren og hausten, totalt 14 gonger. Talet på deltakarar har stort sett vore mellom 30 og 40.

Det har vore arrangert 10 «Kultur i Løå» tilstellingar i 2019; konsertar, føredrag, nasjonalfest, kunstutstilling og jonsokfeiring, sjå vedlagt årsrapport frå «Kultur i Løå»-komitéen.

Vennelaget er medeigar i Varhaugbuen, og brukar bladet aktivt for å få ut informasjon om Vennelaget sine arrangement, både program, førehandsomtalar og reportasjar i etterkant av arrangementa.

Styret i Vennelaget har hatt 6 styremøte i 2019.

Medlemstalet i Vennelaget er no 343.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår;
www.lensmannsgarden.net , og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også
til facebook-sida «Kultur i Løå». 894 personar følgjer denne sida.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Astrid Skretting, nestleiar
Ruth Kristensen, sekretær
Odd Einervoll, kasserar
Margunn Skretting, styremedlem
Tom Magne Ueland, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar
Frank Håland
Karin Skrettingland (1. halvår)/Karin Frausing Varhaug (2. halvår)
Anne Mette Tunheim (1. halvår)
Randi Jelsa Skrettingland

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad	Sverre Kartevoll
Inger Haugstad	Irene Bratland
Kjellaug Aanestad Varhaug	Myrtle Tjemsland
Liv Reiestad	Liv Tone Stueland
Benny Berge	

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Kristin Nord-Varhaug
Linn Lode
Geir Egil Rosland

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Astrid Skretting (nestleiar)